


## Kunnskapen som vitskapen ikkje ville ha

Vi kan takka innsatsen til ein mann for Manger-funna, Bård Kollflåth (1923–2005). Han var praktisk med breid reynelse frå mange arbeidsplassar då han som pensjonist tok fatt på sjølve liveverket i Nesvågen. Han var oppfinner, han var fiskeoppdrettar, snikkar om det trøngt – eller smed eller bygningsmann. Han handterte dei fleste arbeidsreidskapar. Mellom kvalifikasjonane hans var òg det at han var sta som ein stubbe. Då han under arbeid med ei demning i Nesvatnet kom over dei første spora av forfedrane på staden, tok han funnet med til Universitetet i Bergen. Der vart han avvist; dei trudde han bar skrot i ryggsekken. Men Bård såg på terrenget, leita etter spor av pelemark og rekna seg til landhevinga. Så fann han ut at dei trebitane han hadde funne, måtte vera gamle. Ikkje berre det; Han gissa på nøyaktig kor gamle dei var, gong på gong. Seinare kontroll med C14-metode har synt at han alltid traff presist innanfor det vitskaplege slingringemonnet.



## Finnaren

Bård Kollflåth kom til Manger som 6-åring fordi faren vart distriktslege her. Då han var 16 år gamal, kom krigen, og Bård vart motstandsmann, ettersøkt av Gestapo. Etter krigen budde han i Fyllingsdalen og arbeidde i Bergen. Som pensjonist bygde han hus i Mangersnes og flytta «heim».

Her dreiv han med fiskeoppdrett på økologisk basis i Nesvatnet. Han måtte spa og regulera, og slik kom han over dei første båtrestane. Arbeidsmåten hans vart etter kvart slik:

Han grov funnet varsamt fram og fekk det teikna og fotografert før det vart levert til museet. Så laga han ein nøyaktig modell som han testa ut praktisk og fann bruksområdet for – før han tok til å leita i litteraturen etter tilsvarende. I somme tilfelle var kan henda fantasien noko for fantastisk, men om vi ser vekk frå det, ligg der ein heil kultur langt på veg ferdig dokumentert etter Bård Kollflåth – den eldste båtkulturen av sitt slag i landet.

Han var nær «sigeren» då han døydde; både vitskap og folk flest hadde skjona at han hadde hatt rett det meste av vegen. Han var i arbeid med ei permanent utstilling på biblioteket på Manger. Der ville han presentera modellane frå utgravingsarbeidet og forteljninga om korteis folk levde i Nesvågen på Kristi tid og frametter.

Han vart ikkje ferdig: Midt i virvaret av monterte og umonterte utstillingsgjenstandar stod sjøstøvlane att etter Bård Kollflåth då han døydde etter ei mopedulukke sommaren 2005.

«Finnaren», kalla han seg på internettsida som han fekk laga om Manger-kulturen ([www.mangerkulturen.com](http://www.mangerkulturen.com)). Og ein finnar var han. Men i motsetnad til Espen Oskeladd var Bård Kollflåth målretta. På intuitiv måte «visete» han kva han leita etter.

Norsk båthistorie har fått eit par ekstra hundreår av Bård.